

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ottar Myrtveit	FE - 223	18/251

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2018	Teknisk utval	PS	23.05.2018

Søknad om tilskot frå fiskefondet - vedlikehald/reparasjon av fiskesti langs Frøysetelva

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Søknad om tilskot frå fiskefondet	09.04.2018
1+SV+_147465.pdf	09.04.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune ved Teknisk utval viset til mottatt søknad frå Sameiget Frøyset grunneigarlag, og løyver inntil 190.000,- eks mva, 50% tilskot frå fiskefondet.

Teknisk utval viset til arealdelen til kommuneplanen og plan – og bygningslova § 1-8 Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag og godkjenner søknad om vedlikehald/reperasjon av fiskesti langs Frøysetelva.

Grunngjeving:

Søknaden er etter §4 i retningslinjene for fiskefondet innan målgruppa og ein stettar §1 føremålet med betre tilrettelegging for fiske. Til investeringar kan det utbetalast eit forsøkt på inntil 75% når tilsvarende del av tiltaket er fullført. Dei siste 25% vert utbetalat når krava i vedtaket er oppfylt (rekneskap, sluttrapport, ferdigattast m.m.) jfr §8. Sluttutbetaling etter synfaring av Masfjorden kommune. Arbeidsfristen vert 3 år til 01.07. 2021.

Omsøkt tiltak gjeld vedlikehald og opprusting av eksisterande fiskesti langs Frøysetvassdraget. Administrasjonen kan ikkje sjå at omsøkt tiltak vil koma i konflikt med viktige arealinteresser, helse, miljø, tryggleik, tilgjenge eller landskapskvalitetar. Ein kan heller ikkje sjå at å dispensera frå arealdelen til kommuneplanen på denne staden, vil medføra uheldige følgjer i høve til medverknad eller andre interesser. Vidare finn administrasjonen at føremonene ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene ved omsøkt tiltak, spesielt fordi ein dispensasjon ikkje vil ha særlege konsekvensar for verdiar som vassdragsvernet er meint å ta vare på.

Det vert vist vassressurslova av 24.11.2000 § 1 og § 11. Der ein tar kantvegetasjonen langs vassdrag og vatn som har eit særleg vern etter motverke vassavrenning og gi ein levestad for plantar og dyr.

Heimel:

Kommuneplan 2012-2024

Plan – og bygningslova

Vassressurslova av 24.11.2000 § 1 og § 11

Retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond, Masfjorden kommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Sameiget Frøyset Gruneigarlag søker fiskefondet om 190.000,-, 50% tilskot til ein søknad på kr 380.192,- (eks mva). Søknaden gjeld opprusting av fiskesti inndelt i fleire delar med ei samla lengde på 1224m, samt utbetring av fiskeplass med mulighet for tilkomst for rullestolbrukarar.

Laget, Frøyset Grunneigarlag (FG) har basert alt sitt arbeid på dugnad sidan oppstarten i 1986. Som det går fram av søknaden skriv ein mellom anna

Oppgåvane har blant anna vore:

- Administrere salg av fiskekort
- Registrere fangster, skjellprøver .m.m og rapportere til myndigheter
- Vedlikeholde og opprette nye stier langs elva og fram til fiskeplasser
- Vedlikeholde og opprette nye fiskeplasser langs elva
- Bygging av gapahuker ved dei beste fiskeplassene
- Sikre elvebredd og stier mot erosjon forårsaka av flom og nedbør.

SFG har drive med tilrettelegging for fiske i anadrom del av Frøysetelva i den mest brukte delen frå utløp i sjø til Sleirsvatnet sitt utløp. Planen er opprusting av den gamle ferdselvegen frå Frøyset mot Sleire. Ved å rusta opp denne stien vert den teken vare på samt at den fungerer betre som fiskesti. Då det har gått en del år sidan stien langs elva vart vedlikehalden er det no hehov for eit større løft.

Høyring

Saka vart sendt på høyring til NVE og Fylkesmannen i Hordaland den 26.04.2018.

Emne: VS: 18/2017 Søknad om tilskot frå fiskefondet.

Oversender her ein søknad kommunen har fått til handsaming. Me ynskjer ei vurdering av tiltaket innan 11.05.2018. Som kjent er dette eit verna vassdrag som vert kalka og overvaka av kommunen. Betre tilrettelegging for fiske er noko kommunen ynskjer sterkt, då me har eit fiskefond som kan nyttast til gode tiltak. Ta gjerne kontakt med underteikna om det er meir spørsmål

NVE og Fylkesmannens miljøvernnavdeling var på synfaring 14.05.2018

NVE har ikkje merknader til tiltaket då det syner seg at det ikkje vil auka faren for erosjon.

Miljøvernnavdelinga syner til kantvegetasjonen langs vassdrag og vatn som har eit særleg vern etter [vassressurslova av 24.11.2000](#) § 1 og § 11. Den vanlege vegetasjonen langs vassdrag skal motverke vassavrenning og gi ein levestad for plantar og dyr. Under synfaringa forklarar grunneigarane godt at hensynet til kantvegetasjonen har ein hatt særleg fokus på, og ein har berre føreteke ei lett rydding og så lite som mogeleg for at ein skal kunna utføra planlagt arbeid, samt at det skal vera mulig med fiske på visse plassar langs elva og ikkje heile vegen. Gamle røter frå spesielt grantrær er med på å armera og sikra elvesidenene mot erosjon. Grunneigarane har her synt stor forståing av lovverket og det minimum av rydding som er utført er eit godt eksempel på at ei god tilpassing. Tiltaket er ikkje i strid med kommuneplanen då det her vert gjeve dispensasjon for omsøkt tiltak langs vassdraget.

Kommuneplanen omtalar vassressurslova som har som føremål å sikre ein samfunnsmessig forsvarleg

bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvatn. Vassdragstiltak skal planleggast og gjennomførast slik at dei er til minst mogeleg skade og blempe for private og ålmenne interesser.

Utover dette syner ein til Forskrift om rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. *Virksomhet som har sammenheng med landbruk, natur og friluftsliv reguleres av sektorlovgivningen, herunder jordloven, skogbruksloven, naturvernloven og friluftsloven. I de fleste tilfeller vil det ikke være konflikt mellom landbruks-, natur- og friluftsinteresser.* Ein kan ikkje sjå at tiltaket er i konflikt med nemnde lovgiving.

Fakta

Frøysetvassdraget er eit verna vassdrag (1986) som også er med i kalkingsprogrammet til direktoratet. Masfjorden kommune driftar kalkdoseraren ved Ostavatn som syter for ein konstant pH på over 6,2 i smoltifiseringsperioden om våren/forsumaren. Resten av året (juli - jan) er pH over 6,0. Det vert nyttia ein god del midlar i dette vassdraget nedstrøms doserar for å få optimale forhold for anadrom fisk. Etter at kalkinga tok til i 1991 har pH gitt gode gyteforhold og spesielt etter 2014 når ny kalkstasjon vart bygd har ein god kontroll og overvakning på denne delen av vassdraget. Difor er det positivt med tiltak som tilrettelegg betre for fiske. Skal ein forsetja med dugnadsabeid langs vassdraget samt gjera Frøysetelva meir attraktiv ser ein at det krevst tiltak som omsøkt. SFG sin søknad vert delt inn slik:

1. Fiskeplass ved Frøyset bru
2. Utbetring av sti Frøyset – Svarthølen 497m, sjå rekneark nr 1 - 208m, nr 2 - 233m, nr3 - 56m
3. Osen ca 100m steinpåfylling og grusing
4. Oppgradering av gamal sti 480m

Det er ynskjeleg med gode tiltak i vassdraget, så tilrettelegging for stangfiske for laks og sjøaure vert sett på som positivt. Fiscefondet tildeler midlar ut i frå søknadsfristar med hhv. 15.april og 15.september. Søknaden til fiscefondet er datert 06.04.2018 og vert teken opp i TU 23.05.2018. Fiscefondet har fått nye retningslinjer og ein syner til § 7 Administrasjon og forvaltning.

Fiscefondet vert handsama av rådmannen med framlegging av sak til TU for sum inntil 100.000,-, for søknader og tilskot over denne summen (100.000,-), skal TU gi innstilling og formannskapet som fatta vedtak. Innstillinga frå TU til Formannskap vert den 11 Juni.

Søknaden omhandlar ei kraftig opprusting av fiskestien langa Frøysetelva. Stien skal byggjast opp med stein/pukk og grusast med veggrus 0-32 i ei breidd på ca 1,0m. Søknaden har ingen snitt eller detaljar om utføringa, men på synfaringa 07.05.2018 der Roald Kvingedal og Ottar Myrtveit saman med grunneigarane Terje Daae, Bjørn Nordvang og Olav Ørjan Daae vart desse punka forklart og synt på staden. Alt arbeid som er utført er på dugnad, men grunna dei store stein/grusmassane som no skal ut, ser ein at her leigar ein inn ansvarleg firma som tek jobben.

Synfaring:

Under synfaringa forklarar grunneigarane godt at hensynet til kantvegetasjonen har ein hatt særleg fokus på, og ein har berre føreteke ei lett rydding og så lite som mogeleg for at ein skal kunna utføra planlagt arbeid, samt at det skal vera mulig med fiske på visse plassar langs elva og ikkje heile vegen. Gamle røter frå spesielt granträer er med på å armera og sikra elvesidenene mot erosjon.

Grunneigarane har her synt stor forståing av lovverket og det minimum av rydding som er utført er eit godt eksempel på at ei god tilpassing. Tiltaket er ikkje i strid med kommuneplan då det her vert gjeve dispensasjon for omsøkt tiltak langs vassdraget. Kommuneplanen omtalar vassresurslova som

har som føremål å sikre ein samfunnsmessig forsvarleg bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvatn. Vassdragstiltak skal planleggast og gjennomførast slik at dei er til minst mogeleg skade og ulempe for private og ålmenne interesser.

Utover dette syner ein til Forskrift om rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag. Virksomhet som har sammenheng med landbruk, natur og friluftsliv reguleres av sektorlovgivningen, herunder jordloven, skogbruksloven, naturvernloven og friluftsloven. I de fleste tilfeller vil det ikke være konflikt mellom landbruks-, natur- og friluftsinteresser. Ein kan ikkje sjå at tiltaket er i konflikt med nemnde lovgiving.

Planstatus:

Omsøkt tiltak ligg i kommuneplanen arealdel som LNF - området og innafor § 1-8 plan og bygningslova § 1-8. *Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag*. Vassressurslova av 24.11.2000 § 1 og § 11.

§ 19-2. Dispensasjonsvedtaket

Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.

Omsøkt tiltak vert liggjande innafor området § 1-8 i plan og bygningslova, i § 1-8 står det:

§ 1-8. Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag

I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, jf. §§ 11-9 nr. 5 og 12-7 nr. 2. Forbudet etter andre ledd gjelder ikke der kommunen i kommuneplanens arealdel har tillatt oppføring av nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag som skal tjene til landbruk.

Vurdering

Heile tiltaket ligg i LNF område samt er med blant regionalt viktige områder for friluftsliv som nr 1266-9 og registrert der med særlege kvalitetar. Utløpet av Frøysetelva er også registrert som strandeng i naturtypekartlegginga i 2003. Naturmangfaldslova §§8-12 er også vurdert og presentert for grunneigarane på synfaringa. Ein ser ikkje at den samla belastninga her skal tilseia endringar for vedtaket. Tiltaket er primært for fiske og friluftsliv så ålmenta vil kunna nytta stien på ein heilt anna måte enn før. Mange våte parti vert utbetra og heile traseen følgjer den gamle ferselsåra og den er godt tilpassa terrenget.

Søknaden omhandler ei kraftig opprusting av fiskestien langa Frøysetelva. Stien skal byggjast opp med stein/pukk og grusast med veggrus 0-32 i ei breidd på ca 1,0m. Søknaden har ingen snitt eller detaljar om utføringa, men på synfaringa 07.05.2018 der Roald Kvingedal og Ottar Myrtveit saman med grunneigarane Terje Daae, Bjørn Nordvang og Olav Ørjan Daae vart desse punka forklart og synt på staden. Alt arbeid som er utført er på dugnad, men grunna dei store stein/grusmassane som no skal ut, ser ein at her leigar ein inn ansvarleg firma som tek jobben.

Prosjekt 1: Dette er den minste delen og gjeld berre ein liten avsats som vert oppbygd litt så personar i rullestol td kan nytta den.

Prosjekt 2: dei 208 metrane her skal avrettast, komprimerast og grusast så ein får ein jamn og fin sti på 1,0m. Nokre større steinar vert ordna i framkant så pukken skal vera stabil sjølv i flomvassføring.

Prosjekt 3: Dette er ein traktorveg som vert nytta for å koma til elva i Osen. Spesielt langs elva vert her pukka/grusa då det er eit vått parti.

Prosjekt 4: Her går ein sti litt trekt frå elva i kanten på innmark. Her vert det avretta, pukka og grusa fram til Sleirsvatnet.

Utover dette syner ein til Forskrift om rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag. Virksomhet som har sammenheng med landbruk, natur og friluftsliv reguleres av sektorlovgivningen, herunder jordloven, skogbruksloven, naturvernloven og friluftsloven. I de fleste tilfeller vil det ikke være konflikt mellom landbruks-, natur- og friluftsinteresser. Ein kan ikkje sjå at tiltaket er i konflikt med nemnde lovgiving.

Konklusjon

Masfjorden kommune ved Teknisk utval viset til arealdelen til kommuneplanen og plan – og bygningslova § 1-8 Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag og godkjenner søknad om vedlikehald/reperasjon av fiskest i langs Frøysetelva.

Fiskefondet løyver inntil 190.000,- eks mva, 50% tilskot til Sameiget Frøyset grunneigarlag (SFG).

Konklusjon

Sjå vedtak.

Teknisk utval - 005/2018

TU - behandling:

Ørjan Daae melde seg inhabil i saka og trekte seg frå møte.

Landbrukskonsulent Ottar Myrtveit orienterte om saka.

Framlegg til ny sum vart fremma av John Torsvik på 100.000,-.

Framlegg til vedtak med ny sum fremma av John Torsvik vart samråystes vedteke.

TU - vedtak:

Masfjorden kommune ved Teknisk utval viset til mottatt søknad frå Sameiget Frøyset grunneigarlag, og løyver inntil 100.000,- eks mva, 50% tilskot frå fiskefondet.

Teknisk utval viset til arealdelen til kommuneplanen og plan – og bygningslova § 1-8 Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag og godkjenner søknad om vedlikehald/reperasjon av fiskest i langs Frøysetelva.

Grunngjeving:

Søknaden er etter §4 i retningslinjene for fiskefondet innan målgruppa og ein stettar §1 føremålet med betre tilrettelegging for fiske. Til investeringar kan det utbetalast eit forskot på inntil 75% når tilsvarende del av tiltaket er fullført. Dei siste 25% vert utbetalat når krava i vedtaket er oppfylt (rekneskap, sluttrapport, ferdigattast m.m.) jfr §8. Sluttutbetaling etter synfaring av Masfjorden kommune. Arbeidsfristen vert 3 år til 01.07. 2021.

Omsøkt tiltak gjeld vedlikehald og opprusting av eksisterande fiskestasjon langs Frøysetvassdraget. Administrasjonen kan ikkje sjå at omsøkt tiltak vil koma i konflikt med viktige arealinteresser, helse, miljø, tryggleik, tilgjenge eller landskapskvalitetar. Ein kan heller ikkje sjå at å dispensera frå arealdelen til kommuneplanen på denne staden, vil medføra uheldige følgjer i høve til medverknad eller andre interesser. Vidare finn administrasjonen at føremonene ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene ved omsøkt tiltak, spesielt fordi ein dispensasjon ikkje vil ha særlege konsekvensar for verdiar som vassdragsvernet er meint å ta vare på. Det vert vist vassressurslova av 24.11.2000 § 1 og § 11. Der ein tar kantvegetasjonen langs vassdrag og vatn som har eit særleg vern etter motverke vassavrenning og gi ein levestad for planter og dyr.

Heimel:

Kommuneplan 2012-2024

Plan – og bygningslova

Vassressurslova av 24.11.2000 § 1 og § 11

Retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond, Masfjorden kommune